

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 12. april 2019 10:08
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 15/2019, 12. APRIL

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 15/2019, 12. APRIL

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

Dette blir siste nyhendebrev før påske. Ha ei fin påskehelg!

VOLDA VAR FØRST: INTERNASJONAL KONFERANSE OM UTVEKSLING AV LÆRARSTUDENTAR

Den internasjonale konferansen ITS Volda vart arrangert på Høgskulen 10.-12. april i samarbeid mellom høgskulen og det nasjonale kvalitetsorganet DIKU (Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning). Føremålet med konferansen er å stimulere til internasjonal studentutveksling av lærarar, og dette var den første DIKU-finansierte konferansen for dette føremålet.

Meir om konferansen:

<https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/forste-landet>

Meir om DIKU: <https://diku.no/om-diku>

FEM SØKNADER TIL NOREGS FORSKINGSRÅD

HVO-tilsette har i det siste sendt fem søknader om forskingsmidlar til Noregs Forskingsråd:

Førsteamanuensis Kjartan Leer-Salvesen (AHL) har søkt midlar frå HELSEVEL og FRIPRO til prosjektet Mandatory Reporting of Intimate Partner Violence.

Førsteamanuensis Stine Ekornes (AHL) har søkt FINNUT om midlar til prosjektet Students' Coping in Higher Education. The relationships between mental health, psychosocial environment and learning capacity.

Førsteamanuensis Margit Ystanes (ASH) har søkt midlar frå NORGLOBAL2 og FRIPRO til prosjektet Climate Disasters and Racialised Inequality: Lessons from Hurricane Maria in Puerto Rico.

Dosent Randi Bergem (ASH) har søkt DEMOS om midlar til prosjektet Local planning and Social Sustainability.

Professor II Markku Hannula (AHL) har søkt om midlar frå FRIPRO til prosjektet EYE-tracking Mathematical Problem Solving.

Vi takkar prosjektleiarane og alle andre involverte for arbeidet så langt og håper på eit godt resultat.

SAMARBEID MED KØBENHAVNS PROFESSIONSHØJSKOLE (UCC)

Ei gruppe danske forskarar har besøkt høgskulen i Volda for å utveksle erfaringar med lærarutdanning og studentutveksling og for å observere praksis i norske barnehagar.

<https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/danskar-til-volda-laere-og-laere-bort>

MEDIESTUDENTAR FEKK BESØK FRÅ BRANSJEN

Avdeling for mediefag held fram med tradisjonen med å invitere bransjeaktørar til å halde gjesteforelesingar for studentane. No sist har produksjonsselskapet Monster halde førelesingar for studentane på Master in Media Practices.

<https://www.hivolda.no/mediefag/hvo-attraktiv-gjesteforelesarar>

HVO OG FYLKESKOMMUNEN SAMARBEIDER OM FAGFORNYINGA I VIDAREGÅANDE SKULE

Høgskulen i Volda og Møre og Romsdal fylkeskommune har teikna avtale om samarbeid om lokalt, fagleg utviklingsarbeid på dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal. Dette er eit samarbeid som er i tråd med nasjonale prioriteringar der fagleg utvikling skal vere styrt av lokale behov framfor felles nasjonale satsingar – og i samarbeid mellom høgskular eller universitet og skuleeigarar. Den nye ordninga vert ofte kalla Dekomp.

I første omgang vil samarbeidet mellom høgskulen og fylket handle om «Fagfornyninga». Høgskulen har hatt møte med leiarar i fylkeskommunen og med rektorar og assisterande rektorar i vidaregåande skule og gjeve faglege innspel på korleis skulane kan arbeide med Fagfornyninga. Før sommaren skal høgskulen arbeide vidare med utviklingsleiarar på dei einskilde vidaregåande skulane for å gje råd om korleis kvar skule skal utvikle seg vidare gjennom Fagfornyninga i åra som kjem.

Les meir om Desentralisert kompetanseutvikling (Dekomp): <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/ny-modell-for-kompetanseutvikling-i-skole/desentralisert-ordning/desentralisert-ordning/>

Les meir om fagfornyninga (fagfornyelsen): <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/>

FLEIRE POLITIKARBESØK TIL HVO: V, SP, SV.

Kunnskapsminister Iselin Nybø besøkte HVO 1. april, og Marit Strand (SP) kom 5. april.

Fleire andre politikarar er i kjømda: Guri Melby (V) kjem 23. april. Mona Fagerås (SV) kjem 30. april. Det er også mulig vi får besøk av eit regjeringsmedlem 6. eller 7. juni - det blir avklara seinare. Leiinga ved HVO har signalisert til alle politiske parti at vi gjerne møter både nasjonale, regionale og lokale representantar, og vanlegvis er det rektoratet, direktør og dekanar som møter politikarane - av og til også studentparlamentet. Somme politikarar ønskjer også å møte einskildtilsette som har merka seg ut i nasjonale saker, og det er vi naturlegvis svært glade for å få til når det passar.

UNDERSØKING AV REISEVANAR

Møre og Romsdal fylkeskommune skal frå 6. mai undersøke reisevanar for folk i Volda og Ørsta. Dei vil samarbeide med blant andre Ørsta og Volda kommunar og Høgskulen i Volda for å få flest muleg til å svare på ei nettundersøkelse av bruk av bil og buss i samband med jobb og fritidsreiser. Tilsette og studentar vil få informasjon om og invitasjon til undersøkinga når den er klar.

FORSKINGSUTVALET: FORSKINGSMELDINGA FOR 2018

Forskingsutvalet har møte fredag 12.april og skal blant anna drøfte Forskingsmeldinga for 2018. På dagsorden står også tildeling av Såkornmidlar og utlysing av stipendiatstillingar. Her er sakspapira til møtet:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/262166>

NYE PRODEKANAR PÅ AHL

Silje Ims Lied har vorte peika ut som prodekan for undervisning og Per Halse som prodekan for forskning på AHL. Dei to skal vere prodekanar i 50 prosent stilling.

PÅMINNING: FRIST FOR PENSUMLISTER: 15. MAI

Som for dei siste åra er det 15. mai som er frist for å få på plass pensumlistar for hausten 2019, og fagmiljøa må planlegge godt for å rekke fristen. Oversyn over kva emne som har fått ferdig sine pensumlistar vil kome i løpet av mai.

PENSUMLISTER (2): BRUK LEGANTO

Arbeidet med og kvaliteten på pensumlistar blir betre med bruk av Leganto. Biblioteket vil hjelpe til med tekniske og praktiske spørsmål og vil også gi teknisk kvalitetssikring av pensumlistar, jf e-post sendt frå Bente Gunn Lien 10. april (bentegl@hivolda.no).

PÅMINNING: FOU-PRIS FOR 2019: KOM MED FRAMLEGG INNAN 15. APRIL

Alle tilsette har vorte inviterte til å foreslå kandidatar til Høgskulen i Voldas FoU-pris for 2019. Frist for å kome med framlegg er 15. april 2019. Namn og grunngjeving på kandidat til prisen vert sendt til: forskingadministrasjonen@hivolda.no.

Både einskildpersonar og fagmiljø kan få prisen. Prisen er på kr. 30.000 til einskildperson og kr. 50.000 til fagmiljø. Prisen vil bli delt ut under Forskingsdagane i september 2019. Her er meir informasjon om FoU-prisen for Høgskulen i Volda, inkludert tidlegare prisvinnarar: <https://www.hivolda.no/forsking/fou-pris>

NYE TILLITSVALDE I FORSKARFORBUNDET: HÅKON BØ OG ROAR STOKKEN

Håkon Bø har vorte vald til ny hovudtillitsvald for Forskarforbundet og Roar Stokken er vald som leiar for lokallaget av Forskarforbundet ved HVO.

INFORMASJON OM KURS OG UTLYSING AV MIDLAR

Dokumentsenteret legg ut kursinvitasjonar eller invitasjonar til å søke økonomisk støtte på desse nettsidene:

<https://www.hivolda.no/verktoy-tilsette/eksterne-midlarkurs/eksterne-kurs>

<https://www.hivolda.no/verktoy-tilsette/eksterne-midlarkurs/eksterne-midlar-utlysingar>

PÅSKEKRIM PÅ BIBLIOTEKET

Kva tenkjer eigentleg ein bibliotekar? Dei tilsette på biblioteket har laga ein videoserie med påskekrim. Du finn den på Facebook:

<https://www.facebook.com/hivoldabiblioteket/videos/2436688939892936/>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre

Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>

23.4.2019: Disputas: Jan Håkon Vikane disputerer ved UiB.

23.4.2019: Guri Melby (V) besøker HVO

23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

6.5.2019: Næringsutvalet i Møre og Romsdal fylke, møte på HVO.

10.5.2019: Disputas, Menighetsfakultetet, Hildegunn Valen Kleive

17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert. <https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbasis i 40-år, Yksnøya

7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020
25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre
18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.
31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:
https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

INFORMASJON OM KURS OG UTLYSING AV MIDLAR

<https://www.hivolda.no/verktoy-tilsette/eksterne-midlarkurs/eksterne-kurs>
<https://www.hivolda.no/verktoy-tilsette/eksterne-midlarkurs/eksterne-midlar-utlysingar>

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>
<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

10.4.2019 ITS Volda - opningshelsing <https://blogg.hivolda.no/jr/2019/04/10/its-volda-2019/>
<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i

solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-

oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no

